

Luster heradsstyre fekk kosedag i Leirdalen.

Seile den vesle bygda hadde teke fridag og oppvarta heradsstyremedlemene då dei kom dit for å halda møte tysdag.

Luster heradsstyre hadde møtet sitt i Leirdalen tysdag. Og det angrar dei sikkert ikkje på, slikt mottaking og servering som dei fekk. Seile heradsstyret vart straks det var oppfome bede til bords som var deffa med dei herlegaste smørbrød og kaffi. Representanten for Leirdalen i heradsstyret, Kristoffer Leirdal, bad alle velkomne til bygda og til bords. Det var andre gongen heradsstyret var der, men det er lenge sidan første gongen. Me kan ikkje syna dykk ei fullt ferdig bygd, men eg trur her er voner for vidare framgang. Me har lenge venta på veg, og no er han komen eit godt stykke opp igjennom. Det har gått godt sidan arbeidet tok til i 1957, sa Leirdal, som takka for at heradsstyret alltid hadde synt velvilje for denne vegen.

Det var ålmenn fridag i Leirdalen denne dagen. Då heradsstyret etter maten tok til med saklista, var mennene i grenda tilhøyrarar, medan kvinnene heldt til på kjøfenet og ordna opp etter første bordsæta og laga til neste.

Då ordførar Anders Bjørk helsa velkomen til møtet, sa han at dette vart i dag halde i ein av utfantane av det videseimede Luster. Det som imponerte han mest som bonde her oppe var dei store vilkåra for nydyrking som er her. Når vegen no vert ferdig, vona han at denne ikkje vart ein flytteveg, men til trivnad og framgang. Det har vorte gjort for lite for utfantane når ein ser på det verdet dei har for landet. Eg trur at folket her i Leirdalen er av slikt stoff at dei vil vera her og arbeida bygda si vidare fram, sa ordførar Bjørk til slutt.

Grenda har vasse.

Då møtet var ferdig, vart det ny matøkt med rømmegraut og gode greier. Etter maten tok varaordførar Anders Urne ordet. Som jordstyreformann hadde han fare der sidan 1946, og han hadde sett korleis bøane hadde vasse, nye hus hadde kome til og no tok vegen til å strekkja seg langt oppover. Det vert vel snart til at dei må til med utviding av husa for å få inn alt. Bulldosar kom opp og rydda jord i ein fart, slikt at det no er berre store gardar i Leirdalen. Eg har kjent folket her i 40 år, og dei er alltid hyggelege å koma til. Dei veit råd både for den tyrste og svoltne.

I heradsstyret kan me vera usamde om ymse ting, men når det gjeld hjelp til dei avsides stadene er me stort sett samde. På slike stader finn ein ofte beste skattytarane, og difor fortener dei å få del i godene. Eg trur at dei som bur her har sett at det har gått framover, sa Urne, som takka for god mat og godt stell.

Ein dal med framtid.

Olav Havreberg, som har vore lærar i Leirdalen tidlegare, fortalde frå den tida og takka folket i Leirdalen for godhugen han hadde møtt der. No er her store brigde. Då eg i dag kom på refset og såg dei nye husa og den nydyrka jorda, tenkte eg: Leirdalen har framtida for seg. Her er vakkert her oppe, men vakraft tykte eg her var når snøen låg meterdjup og månelysset fekk fjella og dalen til å glitra. Det var syn som eg aldri gløymer, sa Havreberg og takka for all god mottaking og hopehav.

Bed kaffibordet takka Kristoffer Leirdal for at heradsstyremedlemene ville koma. Då dei søkte i 1954 om å få veg, var det 117 år sidan første søknaden vart send. Han vart då avfleggen med den grunngeving at det ikkje kunne gjevast tilskot sidan det ikkje var allfarveg!

Mange av heradsstyremedlemene nytta elles høvet til å ta turen framover dalen til Tunsbergdalsvatnet, slik at dei fekk sjå dei store viddene med dyrkingsjord som no står for tur til å koma under ploegen.

* * *

Sogn og Fjordane.
Fredag 25. august 1961.